



# REGULERINGSPLAN FOR HOSTELAND VEST

## Konsekvensutgreiing



**Plannamn:** Hosteland vest  
**Kommune:** Masfjorden kommune  
**Planid:** 4634\_20210003  
**Saknr.:** 21/796  
**Kommunens repr.:** Sveinung Toft

**Dokument:** Konsekvensutgreiing  
**Oppdragsnr.:** 202105901  
**Plankonsulent:** ABO Plan & Arkitektur AS

**Oppdragsleiar:** Ola Klyve Dalland  
**Medarbeidarar:** Mathilde Ilper Johnsen  
Aleksandra Kurzynska Janiszewska

**Tiltakshavar:** Masfjorden kommune  
**Tiltakshavars repr.:** Sveinung Toft

**Datert:** 03.01.2023  
**Revidert:** dd.mm.åååå

## Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>5</b>
<b>2</b>	<b>Skildring av ulike alternativ .....</b>	<b>7</b>
<b>3</b>	<b>Metode .....</b>	<b>8</b>
3.1	Metode .....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
<b>4</b>	<b>Landskapsbilde .....</b>	<b>12</b>
4.1	Vurdering av verdi .....	16
4.2	Planen sin verknad .....	17
4.3	Konsekvens .....	18
<b>5</b>	<b>Friluftsliv / by- og bygdeliv .....</b>	<b>19</b>
5.1	Vurdering av verdi .....	21
5.2	Planen sin verknad .....	21
5.3	Konsekvens .....	22
<b>6</b>	<b>Naturressursar .....</b>	<b>23</b>
6.1	Vurdering av verdi .....	25
6.2	Planen sin verknad .....	26
6.3	Konsekvens .....	27
<b>7</b>	<b>Samla overordna vurdering.....</b>	<b>28</b>

## Føreord

Konsekvensutgreiinga er del av planforslag for Hosteland vest. Konsekvensutgreiinga er utarbeidd på oppdrag frå Masfjorden kommune. Konsekvensutgreiinga er basert på nye tiltak som ikkje er i samsvar med overordna plan og som ikkje tidlegare er konsekvensutgreia.

Konsekvensar av planlagde tiltak vert vurdert i høve aktuelle vurderingstema som går fram av planprogrammet.

Arbeidet byggjer på informasjon frå skriftlege og munnlege kjelder, samt synfaring og feltarbeid i planområdet.

Datert: 03.01.2023

ABO Plan & Arkitektur AS  
Ola Klyve Dalland

## 1 Innleiing

Det er utarbeidd detaljregulering for Hosteland vest med konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I følgje lov og forskrift skal konsekvensutgreiinga inngå som ein integrert del av reguleringsplanarbeidet og skal vera ein del av avgjerdsgrunnlaget for planen.

Føremålet med konsekvensutgreiinga er å belyse konsekvensar ved arealdisponeringa i forhold til planlagt endra arealbruk. Planen skal fastsette plassering av byggeområde, tilførselsveggar og andre tilhøyrande anlegg, samt sikre areal til gjennomføring av prosjektet.

For skildring av planframlegget vert det vist til planomtalen. Planområdet omfattar eit areal på ca 215 daa og strekk seg frå sjøområdet i Hostelandsosen i sør til Fv 570 Fensfjordvegen i nord. Planområdet har og forgreining mot kommunal veg Træet i aust. Bakgrunnen for planområdet er m.a. å sikre tilkomst frå fylkesvegen til det avsette bustadområdet. Mot Hostelandsosen er det planlagt småbåtanlegg, friområde og badeområde. Frå avsett bustadområde er det planlagt forbindelse for mjuke trafikantar mot sentrumsområdet på Hosteland via kommunal veg Træet. Planforslaget opnar kort oppsummert for følgjande tiltak:

- Bustader, ca. 50 nye
- Småbåtanlegg, 2 nye med til saman ca. 50 plassar.
- Tursti/-veg mot kommunal veg Træet
- Tilførselsveggar med og utan fortau
- Busslommer langs Fv570
- Friområde/uteopphaldsareal ved sjø
- Leike- og uteopphaldsareal
- Kommunalteknisk infrastruktur

Føremålet med konsekvensutgreiinga er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal sikre at desse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt på kva vilkår.

Følgjande vurdering er gjort om krav til konsekvensutgreiing etter konsekvensutgreiingsforskrifta § 6 og § 8:

*§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredas og ha planprogram og melding*

*§ 6 a) kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II*

Planarbeidet er vurdert til ikkje å utløyse krav om konsekvensutgreiing etter § 6a i forskrifta, då planen ikkje er en kommuneplan, kommunedelplan eller områdereguleringssplan.

*§ 6 b) reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen om konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningsloven §6 – planer som alltid skal konsekvensutredas.*

Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing etter § 6b i forskrifta, då planen ikkje fell inn under nokre av tiltaka lista opp i vedlegg I.

*§ 6 c) tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven*

Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse konsekvensutgreiing etter § 6c i forskrifta, då tiltaket verken fell inn under vedlegg I eller vert handsama etter andre lover enn plan- og bygningslova.

§ 8. Planer og tiltak som skal konsekvensutredas hvis de kan få vesentlige verknader for miljø eller samfunn

§ 8a) reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt frå dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen.

I vedlegg II er pkt. 10 e) «bygging av veier» relevant for denne plansaka, då tilkomstvegen vil ligge om lag 250 m i areal avsett til LNF i kommuneplanen. Dette tiltaket er ikkje tidlegare utgreidd i overordna plan. Planen er vurdert til å vere konsekvensutgreiingspliktig etter § 8a i konsekvensutgreiingsforskriften

§8b) tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven.

Tiltaket er ikkje vurdert til å vere konsekvensutgreiingspliktig etter §8b.

Konklusjon:

Planen er vurdert til å vere konsekvensutgreiingspliktig etter § 8a i konsekvensutgreiingsforskriften. Sjølv om det i vedlegg II er tema «bygging av veier» som utløyser KU-kravet, er det vurdert som naudsynt òg inkludere tema i konsekvensutgreiinga som angår bustadbygginga og tiltak utanfor fastsett byggegrense mot sjø i KPA i tillegg. Dette for å gje eit meir tenleg bilete av dei totale konsekvensane av planen.

Sjølv om konsekvensutgreiing etter denne paragrafen ikkje krev planprogram eller melding har Masfjorden kommune fått utarbeidd planprogram og handsama dette. Planprogrammet vart vedteke i Formannskapet som sak 039/2022 29.03.2022 med følgjande vedtak:

#### FS - vedtak:

Planprogram for reguleringsplan for Hosteland Vest av 10.12.2021 vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 4-1 godkjent med følgjande endring:

Reguleringsplanen vert utvida slik at naudsynt areal til gangveg ned til Treet vert teke med i planen.

Som følgje av planprogrammet er følgjande utgreiingsprogram vedteke:

TEMA	MOGLEGE VERKNADER	KJEND KUNNSKAP	UTGREIINGSBEHOV
<b>Naturressursar</b>	Avskoging kan få konsekvensar for potensiell skogbruksdrift (verdiskaping og sysselsetting).	NIBIO sine arealressurskart  Markslag (FKB-AR5) gir detaljert arealressursinformasjon for heile Norge. FKB-AR5 gir detaljert informasjon om jordbruksarealene, samt informasjon om skogområdene (bonitet).	Vurdere konsekvensar for potensiell skogbruksdrift, samt potensiell.
<b>Friluftsliv/ by- og bygdeliv</b>	Endra kvalitetar med omsyn til identitetsskapande element, friluftsområde, service, veg- og stinett, påverknad på lokalsenterfunksjonar. Omsynet til tilgjenge i strandsona kan òg påverkast.	Masfjorden kommune sine utgreiingar knytt til arealplan og samfunnsplan, folkehelseoversikt, SSB, kartlegging og verdisetting av friluftsområder.	Vurdere konsekvensar av nye ferdselsårer i området, ny bruk av strandsona mht. friluftsliv, samt påverknad på utvikling av lokalsenteret på Hosteland.
<b>Landskapsbilete</b>	Bustadbygging og ny infrastruktur vil kunne endre nær- og fjernverknaden av terreng og landskap. Inngrepsfri strandsonareal kan påverkast.	Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke  Konsekvensutgreiing til kommuneplanens arealdel med verdikart.	Landskapsanalyse hvor konsekvenser av nær- og fjernvirkningar blir belyst og vurdert.

I kommuneplanens arealdel er allereie tiltak på land (bustadområde) konsekvensutgreidd. Tiltak i sjø er konsekvensutgreidd i planframlegg til interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland for 12 ulike tema, under delområde *Masfjorden*. Vurdering av tiltak i sjø er likevel omtala i denne konsekvensutgreiinga der dette er naturleg, og vurderingane byggjar på overordna KU. I overordna KU til interkommunal plan for Sjøområda er småbåtanlegga i dette planframlegget tilrådd på bakgrunn av liten/ingen konflikt med utvalde tema.

Unik ID	Framlegg til nytt arealformål	Konsekvensutgreiing								Risiko og sårbarheit				Samla
		L	K	FF	NM	NR	UU	TI	NÆ	TE	EV	SR	HS	
4634-129-1	Småbåthamn													
4634-129-2	Småbåtanlegg													
4634-129-3	Småbåtanlegg													
4634-134	Småbåthamn													
4634-138-4	Småbåthamn													
4634-138-5	Småbåthamn													
4634-138-6	Akvakultur													
4634-138-8	Hamneområde i sjø													
4634-151-1	Akvakultur													
4634-151-2	Akvakultur													

Figur 1. Tabellen er et utklipp frå KU og ROS-vurdering til interkommunal plan for sjøareala. 4634-134 syner til innspel om småbåtanlegga innanfor planområdet til Hosteland vest. Innspelet er vurdert etter tema landskap, kulturminne/kulturmiljø, friluftsliv og folkehelse, naturmangfald, naturressursar, ureining og utslepp, teknisk infrastruktur, næringsliv, transport og energibruk samt ROS. Tiltaket er vurdert å ha få kjente, negative konsekvenser på alle tema.

## 2 Skildring av ulike alternativ

Planframlegget omfattar endringar knytt til arealbruk og kopling opp mot tilgrensande arealbruk og andre viktige område utanfor planområdet.

I følgje vedtatt planprogram er det arealbruksendringar som er i strid med kommuneplanens arealdel som skal konsekvensutgreiast. Med bakgrunn i dette er areal som er vidareført eller detaljert i samsvar med eksisterande utbygging eller planlagt situasjon, ikkje konsekvensutgreia på arealnivå, men vurdert som del av samla konsekvensutgreiing av planforslaget. Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å berekne eller vurdere forventa tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventa tilstand utan tiltaket, inkludert eventuelle avbøtande tiltak. Ein må ha ein referansesituasjon – nullalternativ - for å kunne vurdere konsekvensen endringa vil føre til. I denne plansaka er det eit alternativ i tillegg til 0-alternativet.

### 2.1.1 0-alternativet

Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom planen ikkje vert gjennomført. Dette inneber at areala innanfor planområdet vert vidareført som i vedtatt kommuneplan.

0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar.

### 2.1.2 Utbyggingsalternativ 1

Utbyggingsalternativet er arealbruk som vert foreslått som del av planforslaget. Arealbruk som vert konsekvensutgreidd er arealbruk som ikkje er i samsvar med kommuneplanens arealdel eller er konsekvensutgreia i overordna plan. For å få synleggjort konsekvensen av eit utbyggingstiltak vil ein vurdere tiltaket sitt omfang i høve verdi for dei ulike tema som skildra i kapitla under.

### 3 Metode


For å kunne vurdere fordelar og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket fører til. Ein føresetnad for konsekvensutgreiingar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Gjennom kunnskap om desse samanhengane kan konsekvensane av eit tiltak eller ein plan gjerast greie for. I konsekvensutgreiinga er tiltaket eller tiltaka alltid årsak. Det er viktig å halde orden på samanhengen mellom tiltak og konsekvens for å få med alle konsekvensar, men også for å unngå dobbeltellingar. Konsekvensutgreiinga er sluttproduktet av ein gjennomgang, der konsekvens er resultatet av vurdering av utgreiingstemaet sin verdi i forhold til tiltaket sitt omfang. Ei konsekvensutgreiing må basere seg på fagleg skjønn, subjektive vurderingar og på grunnlag av objektive kriteria. Dette gjeld både fastsetting av områdetets verdi, tiltakets påverknad og verknadene av dette i det råka området og ved vurdering av konsekvens.

Konsekvensutgreiinga skal vurdere om nye tiltak som det vert lagt til rette for og innspel som vert fremja i planforslaget vil ha vesentlege verknader for miljø, naturressursar og samfunn. Nokre av tiltaka er konsekvensutgreia i overordna plan. Det er difor vald å konsekvensutgreie dei utbyggingsføremåla som ikkje er i samsvar med overordna plan og som tidlegare ikkje er utgreia. Konsekvensutgreiinga for enkelt areal/område vert utgreia for følgjande tema:

- **Naturressursar**
- **Friluftsliv / by- og bygdeliv**
- **Landskapsbilde**

#### 3.1 Verdi

Område som det skal utarbeidast konsekvensutgreiing for, vert gitt ein verdi. Verdi vert uttrykt gjennom tilstand, eigenskap og utviklingstrekk for deltema. Verdien vert fastsett etter «utan betydning» – «noko» – «middels» – «stor» – «svært stor». Verdi kan vere av nasjonal, regional eller lokal betydning.



	Uten betydning	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Forvaltnings-prioritet	Uten betydning for temaet eller sterkt reduserte kvaliteter		Forvaltnings-prioritet	Høy forvaltnings-prioritet	Høyeste forvaltnings-prioritet
Viktighet/betydning for fagtemaet		Alminnelig/lokalt vanlig	Lokal/regional betydning	Regional/nasjonal betydning	Nasjonal/ internasjonal betydning
Funksjoner og sammenhenger		Kontekst/sammenheng er lite synlig	Kontekst/sammenheng er noe fragmentert	Viktige sammenhenger og funksjoner	Særlig viktige sammenhenger og funksjoner
Bruksfrekvens		Betydning for få	Betydning for flere	Betydning for mange	Betydning for svært mange
Faglige kvaliteter <sup>42</sup>		Få kvaliteter	Gode kvaliteter	Særlig gode kvaliteter	Unike kvaliteter


Figur 2: Grunnlag for verdisetting (Kjelde: Statens vegvesen, handbok V712).

#### 3.2 Tiltaket si påverknad

Tiltaket si påverknad er mål på kor store endringar tiltaket kan medføre for gjeldande deltema, etter skala «sterkt forringa» – «Forringa» – «Noko forringa» – «Ubetydeleg forringa» – «Forbetra». Omfanget vert vurdert i forhold til referansesituasjonen (nullalternativet). Påverknad skal vurderast for dei same miljøa eller områda som er




verdivurdert. Vurderinga bygger på kunnskap om verdiane i delområda, kunnskap om tiltakets fysiske utforming og kunnskap om korleis tiltaket påverkar verdiane i delområda.



### 3.3 Konsekvens

Konsekvens vert fastsett ved samanstilling av verdi og påverknad for eit område eller miljø. Negativ konsekvens er knytt til verdiforringing av eit område, medan positiv konsekvensgrad føreset ein verdiauke etter at tiltaket er realisert. Skala går frå 4 minus til 4 pluss. Ved å samanstille verdi og påverknad i konsekvensvifta blir det gitt ein konsekvens for alternativet for det aktuelle miljøet.



Skala for konsekvens graden som er delt inn frå 4 minus til 4 pluss:

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	4 minus (----)	Den mest alvorlege miljøskaden som kan oppnåast for delområdet. Gjeld kun for delområde med stor eller svært stor verdi
---	3 minus (---)	Alvorleg miljøskade for delområde
--	2 minus (--)	Betydeleg miljøskade for delområde
-	1 minus (-)	Noko miljøskade for delområde
0	Ingen/ubetydeleg (0)	Ubetydeleg miljøskade for delområde
+ / ++	1 pluss (+)	Miljøgevinst for delområdet:
	2 pluss (++)	Noko forbetring (+), betydeleg forbetring (++)
+++ / ++++	3 pluss (+++)	Nyttast i hovudsak der delområde med ubetydeleg eller noko verdi får ein svært stor verdiauke som følge av tiltaket
	4 pluss (++++)	

Usikkerheit i vurderinga av dei ikkje-prissette konsekvensane vil framkome i fire ledd:

#### Registreringsusikkerheit

- Vurdering av verdi
- Vurdering av påverknad
- Vurdering av enkeltkonsekvensar
- Vurdering av samla konsekvens

Usikkerheit i vurdering av konsekvens for kvart delområde/miljø er eit resultat av usikkerheitene i registrering, verdivurdering og påverknad. Når den samla konsekvensen for temaet vert fastsett, introduserast ein usikkerheit i vektinga mellom ulike delområde/miljø. Samla usikkerheit er summen av usikkerheita ved kvar enkelt ikkje-prissett konsekvens. Denne vurderinga er kompleks ettersom det både dreiar seg om vurdering av usikkerheit ved alle konsekvensar og samspel mellom sikkerheit på tvers av konsekvensane ved tiltaket.

For tiltak eller områder som vert konsekvensutgreidd kan det og bli foreslått skadereduserande tiltak for å avgrense verknaden av tiltaket.

### 3.4 Data- og kunnskapsgrunnlag

Dei ulike tema er så langt råd utgreia med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar. GIS og Gemini er nytta som verktøy for analyse, utarbeiding av temakart og som grunnlag for tilhøyrande konsekvensvurderingar. Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjersler. Kunnskapsnivået må stå i høve til sannsyn for og alvorsgraden av endringane.

Informasjon om arealbruk og eigedomar som vert råka er henta frå offentlege databasar, andre temakart, topografiske kart og ortofoto. I tillegg har Masfjorden kommune medverka til registrering og opplysningar om bruk av areal. Synfaring er gjennomført i området i samband med prosjektet og utgreiing av tema i konsekvensutgreiinga.

Det er viktig å klarlegge i kva grad dei føresetnadane analysane bygger på, er sikre eller usikre, og korleis endring i usikre føresetnader vil kunne påverke vurderinga av tiltaka. Planen er utarbeidd som ein områderegulering, og såleis er grad av detaljar sett på eit noko overordna nivå. Konsekvensutgreiinga er i hovudsak basert på eksisterande kunnskapsgrunnlag, synfaringar og rapportar.

### 3.5 Oppsett og framstilling

Område med utbyggingsføre mål som ikkje tidlegare er konsekvensutgreia i overordna plan eller andre planar vert konsekvensutgreidd med utgangspunkt i dette oppsettet:

<b>Tiltaksområde X</b>		
<b>Planstatus</b>		
<b>Planlagt føremål</b>		
<b>Arealstorleik</b>		
<b>Omtale av området</b>		
<b>Tema</b>		
<b>Landskapsbilde</b>	Verdi	Konsekvens
	Vurdering/påverknad	
<b>Friluftsliv / by- og bygdeliv</b>	Verdi	Konsekvens
	Vurdering/påverknad	
<b>Naturmangfald</b>	Verdi	Konsekvens
	Vurdering/påverknad	
<b>Kulturarv</b>	Verdi	Konsekvens
	Vurdering/påverknad	
<b>Samla vurdering</b>		
<b>Konklusjon</b>		

Konsekvens for strandsona når det kjem til overordna føringar for 100-metersbeltet langs sjøen er vurdert i planomtalen. Verknad for strandsona i høve nær- og fjernverknad vert vurdert under tema landskap i konsekvensutgreiinga. Strandsona er òg utgreia i høve tema nærmiljø og friluftsliv, sidan området er kartlagt som friluftsområde med strandsoner langs sjø og vassdrag.


## 4 Landskapsbilde

Utgreiing av landskap gjeld synleggjering og konsekvensar av tiltaka si tilpassing til terreng, landskap og omgjevnader vurdert gjennom nærverknad og fjernverknad.


Rapporten «*Nasjonalt referansesystem for landskap 2005*» utarbeidd av Oscar Puschmann er eit landsdekkande datagrunnlag som skildrar landskapet på eit regionalt nivå ut frå eit samanliknbart kunnskapsgrunnlag for heile landet. Rapporten deler inn landskapsregionar med tilhøyrande skildring. I tillegg til referansesystemet for landskap er rapporten «*Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke*» Aurland Naturverkstad 2011 nytta. Rapporten omfattar oversikt og verdifordeling av områder innanfor kvar landskapstype, samt skildring av landskapskarakteren.

Planområdet ligg i landskapsregion 21 – Ytre fjordbygder på vestlandet – småfjord og storsundlandskap. Underregion er Hostelandssundet. Landskapsrommet er avgrensa av strandsona rundt Hostelandsosen. Terrengtet består primært av svaberg som stig opp frå osen og går over i vegetasjon av blandingsskog. Småfjord og storsundlandskap er gitt verdiklasse 2- vanleg førekomande landskap. Frå strandsona og nordover mot Stemmevatnet, Fv570 og Storestemvatnet høyrer landskapet til underregion Fitjevattn og landskapstype Vestlandets skogsåser. Landskapet nord i planområdet er gitt verdiklasse 2- vanleg førekomande landskap.

I NIN sin landskapstypeinndeling er området registrert som *kystslettelandskap* (beskytta indre, kupert kystslette). NIN sin kartdatabase for landskapstyper ([nin.artsdatabanken.no](http://nin.artsdatabanken.no)) beskriver desse områda som landskap på den indre delen av kystsletta, ofte på innsida av større øyer, skjerna for bølge og vindeksponering frå ope hav. Desse områda har «innlandseigenskap» i form av førekomst av vassdrag og auka arealbruksintensitet. Her finst bratte åsar eller «restfjell» som står høgare enn kystslettelandskapet omkring, med ei brem av lavt/flatt land omkring. Områda har låg til middels arealbruksintensitet og varierer frå område heilt utan bebyggelse og infrastruktur til mindre grender, samlingar av fritidsbustader og næringsverksemdar.




I kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 er det utarbeidd temakart som viser verdiar for prioriterte viltområde, naturtypar, kulturminne, funksjonell strandsone, landbruksområde og lokalt viktige friluftsområde. Planområdet er ikkje vist med verdisetting i kommuneplanen sitt temakart. Funksjonell strandsone er kartlagt og lagt nærare sjø enn det opphavlege 100-meters belte mot sjø.




Figur 4: Utsnitt frå temakart for verdi i kommuneplanens arealdel. (Kjelde: Masfjorden kommune)


Terrenget innanfor planområdet skrar frå sør mot nord der høgdedraget Kvalhogen og Vardhogen er framstående høgdedrag med høgde på ca 78 moh. Stemmevatnet utgjør saman med Hostelandsosen eit lokalt landskapsgolv. Frå Stemmevatnet 27 moh, går det eit mindre daldrag ned mot Hostelandsosen. Terrenget sør for Kvalhogen og Vardhogen er sørvendt og vender seg mot Hostelandsosen. Terrenget nord for dei lokale høgdedraga er flatare og ikkje synleg frå sjø. Frå Fv570 som er den mest nytta ferdselsåra forbi planområdet er det Stemmevatnet, myrsidene rundt vatnet og dei skogkleddene sidene opp mot høgdedraga som er dei mest synlege landskapselement. Det er ikkje synlege bygningar innanfor planområdet som er synleg frå kringliggjande områder. Frå Hostelandsosen er det mindre svaberg og fjellblotningar som bryt opp det skogkleddene terrenget. I Hostelandsosen ligg det nokre mindre skjer like utanfor strandsona.



Figur 5. Landskapsformasjonane i større skala sett frå sør. Kjelde: (www.kommunekart.com)



Figur 6. Landskapsformasjonane i større skal sett frå nord. (Kjelde: www.kommunekart.com)




Figur 7. Eksisterande landskap sett frå Hostelandsosen mot nord. (Kjelde: www.kommunekart.com)

Tabell 1: Skjema for fastsetting av landskapsbildets karakter.

Kategoriar	Omtale	Betydning uvesentleg – mindre viktig – viktig – svært viktig - avgjørande
Topografiske hovudformar	Planområdet består av daldrag sentralt i planområdet, med to høgdedrag i aust og vest. Landområdet sitt møte med sjø er en viktig formdannende komponent.	Svært viktig.
Romlege eigenskapar	Sjøareala og Stemmevatnet framstår som opne landskapsgolv. Sentralt plassert daldrag er eit meir lukka landskapsrom mellom dei opne høgdedraga.	Viktig.
Naturskapte visuelle eigenskapar	Daldrag og dets møte med sjø er framtrekande i landskapsbildet.	Svært viktig.
Naturskapte nøkkelement	Daldrag og møte med sjøen er også et framtrekande naturskapt nøkkelement.	Svært viktig.
Vegetasjon	Området består av vekselvis myr og flater med lavt voksende lyngvegetasjon, samt meir eller mindre	Mindre viktig.

	spreidd bartrevegetasjon. Det er mest furu i området, men nokon større grantre. I daldraget, spesielt ned mot sjøen veks lågare lauvtrevegetasjon.	
Arealbruk	Planområdet er et skogsområde som ikkje har spesiell bruk i dag.	Mindre viktig.
Byform og arkitektur	Planområdet er ubygd og dette temaet er difor ikkje relevant.	Uvesentleg betydning.
Menneskeskapte visuelle eigenskapar	Det er ikkje menneskeskapte eigenskapar i landskapet som har visuell betydning for landskapsbildet.	Uvesentleg betydning.
Menneskeskapte nøkkelement	Spor etter eldre mølledrift i elva som ligg sentalt i planområdet, i eit mindre daldrag.	Svært viktig som kulturminne, men mindre viktig for landskapsbildets karakter. Dette fordi elementa ikkje er særleg synleg i landskapet.
<b>Fastsett karakter for landskapsbildet:</b> Det er primært daldraget med elva i kombinasjon med dei to høgdedraga aust og vest for denne, samt daldraget sitt møte med Hostelandsosen, som definerer landskapsbildet. Landskapet opplevs som storskala, lesbart og ope.		




Figur 8. Kartet viser viktig landskapstrekk/elementer i og i tilknytning til planområdet.

#### 4.1 Vurdering av verdi

Samla for heile planområdet er verdivurdering av landskapsbilete følgande:

Verdi aspekt	Verdivurdering
Visuelle kvalitetar	Området langs strandlina med svaberg og mindre skjer har visuelle kvalitetar som merkar seg ut som eit areal som vender seg mot sjø. Daldraget frå sjø og opp mot Stemmevatnet merkar seg ut med eit noko skarpere relieff enn kringliggjande skogsåsar. Høgdedraga Kvalhogen og Vardhogen utgjer høgste punkt i planområdet. Topppunkta på høgdedraga ligg like nord for planområdet og delen som ligg innanfor planområdet har avgrensa visuell verdi. Del av planområdet som strekk seg mot Fv570 følgjer skogskledd sideterreng til Stemmevatnet og har avgrensa visuell verdi. VERDI: Noko verdi.
Heilskapleg variasjon	Planområdet varierer mellom sjø, sjønært areal og skogkledd åslandskap. Det er glidande overgang mellom dei ulike områda. Den største variasjonen er mellom sjø og skogkledd åslandskap. VERDI: Noko verdi
Særpreg	Det er delområde innanfor planområdet med særpreg. Dette gjeld i hovudsak daldraget opp mot Stemmevatnet, samt svaberg og skjer utanfor strandsona. Det tilgrensande Stemmevatnet med tilhøyrande myrsider rund vatnet ugjer eit tilgrensande særpreg. VERDI: Noko-middels verdi
Byform / bystruktur	Området er utan framståande synlege byggverk, med unntak av eldre kvernhus VERDI: Utan betydning.
Arkitektur	Området er utan framståande synlege byggverk, med unntak av eldre kvernhus VERDI: Utan betydning.
Totalinntrykk	Enkelte landskapselement står fram som særtrekk for området. Det tilgrensande Stemmevatnet med daldraget og svaberg mot sjø er element som framhevar seg. Sett heile planområdet under eitt er det strandsona tett på sjø som vert trekt fram som det som gir området særpreg. VERDI: Noko verdi
Representativitet	Landskapstypene som planområdet inngår i er vanleg førekomande i området. VERDI: Noko verdi
Prioriterte landskapsområde	Det er ikkje registrert verna område etter NML §§ 35-39 eller verdifulle landskap innanfor planområdet. VERDI: Utan betydning.




Figur 9. Samla verdivurdering for planområdet.




## 4.2 Planen sin verknad

Samla for heile planområdet er følgjande påverknad på landskapsbilde vurdert:


Planen sin påverknad	
Forankring og lokalisering	<p>Dei nye tiltaka i planen er lokalisert mellom eksisterande busetnad i Hosteland sentrum i aust og Giljane bustadfelt i vest, og er plassert i tilknytning til eksisterande område med utbygging. Samstundes er bustadene, med tilhøyrande veganlegg plassert i eit urørt landskap, slik at tiltaket i vil bryte med landskapsbildet sin karakter.</p> <p>Småbåtanlegga ligg i ein del av Hostelandsosen der strandsona frå før er urørt, men mot aust er det småbåtanlegg og kaianlegg ved Træet og mot vest er det flytebrygger i tilknytning til Giljane bustadfelt.</p> <p>Verken sjøareala eller landareala kan seiast å ha visuell eller fysisk forankring/kobling mot nærliggande bygde områder. Det er difor vurdert at tiltaka både på land og i sjø er dårleg forankra og bryt med landskapsbildets karakter.</p> <p>PÅVERKNAD: Noko forringa</p>
Landskaps- og terrenginngrep	<p>Nye bustader med tilhøyrande infrastruktur vil medføre inngrep i urørt terreng. Vegframføring og plassering av bustadtomter er imidlertid foreslått plassert på ein måte som minimerar trong for høge skjeringar og murar.</p> <p>Småbåtanlegga vil ikkje krevje terrenginngrep. Dei må forankrast i sjø og i land. Dei er ikkje vurdert å gje vesentleg terrenginngrep, men vil endre landskapskarakteren i strandsona i området.</p> <p>PÅVERKNAD: Noko forringa</p>
Skala	<p>Ingen av tiltaka i planforslaget bryt vesentleg med skalaen i det overordna landskapet. Tiltaka (husa) sin storleik bryt ikkje med viktige silhuettar i landskapet, terrenget er stort/ope og tiltaka er plassert slik at området sin skala ikkje vert vesentleg påverka/endra.</p> <p>Samla sett er foreslåtte tiltak i planframlegget vurdert å vere tilpassa landskapsforma.</p> <p>PÅVERKNAD: Noko forringa/ubetydeleg forringa.</p>
Linjeføring	<p>Samla sett er tiltaka i planframlegget tilpassa terrenget. Vegframføring og plassering av tomter har ein god rytme og er utan knekk eller sprang.</p> <p>PÅVERKNAD: Noko forringa/ubetydeleg forringa.</p>
Arkitektonisk utforming	<p>Det er sett krav i føresegnene som fremjar god arkitektonisk utforming av nye tiltak. Det finst ikkje omkringliggande nærliggande bygningar som må takast omsyn til når det gjeld arkitektonisk tilpassing.</p> <p>PÅVERKNAD: Ubetydeleg forringa.</p>



Figur 10. Samla vurdering påverknad for planområdet.



Figur 11.



Figur 12.

### 4.3 Konsekvens


Samla konsekvens for heile planområdet for tema landskapsbilete er noko miljøskade:



## Hostelandsosen

<b>ID</b>	FK00026367
<b>Områdetype</b>	Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag
<b>Områdeverdi</b>	Viktig friluftslivsområde
<b>Kommunennummer</b>	4634
<b>Kommunenavn</b>	Masfjorden
<b>Områdebeskrivelse</b>	Skjernet sund som brukes til båtliv, padling og fiske.
<b>Kartleggingsår</b>	2019
<b>Brukerfrekvens</b>	Ganske stor
<b>Regionale og nasjonale brukere</b>	Middels
<b>Opphav</b>	Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder" i Masfjorden kommune v/BOF
<b>Opplevelseskvaliteter</b>	Middels
<b>Symbolverdi</b>	Middels
<b>Lydmiljø</b>	Middels
<b>Funksjon</b>	Ganske spesiell funksjon
<b>Egnethet</b>	Ganske godt
<b>Tilrettelegging</b>	Middels tilrettelagt
<b>Kunnskapsverdi</b>	Middels
<b>Inngrep</b>	Ganske utbygd
<b>Potensiell bruk</b>	IkkeRegistrert
<b>Tilgjengelighet</b>	Ganske god
<b>Utstrekning</b>	Mangler lite
<b>Areal fra kartobjekt (daa)</b>	1 696,4

Figur 14: utsnitt frå faktaark for friluftsområdet Hostelandsosen (Kjelde: Miljødirektoratet)



Figur 15. Kartutsnitt som viser avgrensing av friluftsområdet Hostelandsosen. Planområdet er vist med raudt omriss. (Kjelde: Miljødirektoratet)

Hostelandsosen er også registrert som fiskeplass for passiv reiskap. Dette vil knytt til utgreiingstema handle om fritidsfiske. Knytt til lokalt friluftsliv er det i planområdet få turstiar. Dette medfører at området har avgrensa

tilgjenge som tur- og målområde for turgåarar. I Daldraget frå Stemmevatnet og ned til sjø ligg det ruinar etter sagbruk og kverner frå 1700-1800 talet. Det er framleis spor etter tilførselsveggar til desse anlegga frå sjø. Dette er ferdselsårar som har avgrensa bruk, men med potensiale for auka bruk i friluftssamanheng.


Fv570 Fensfjordvegen og kommunal veg Areklettvegen er dei mest nytta ferdselsåra for turgåarar med tursti mot Storestemvatnet og vidare mot Hosteland. Tunnellen på Fv570 utgjer ei barriere for mjuke trafikantar.

Strandsona langs planområdet har potensiale for tilkomst med båt med svaberg og mindre skjer like utanfor strandsona. Det er fleire stader langs strandsona moglegheit for tilkomst frå sjøvegen.

## 5.1 Vurdering av verdi

Samla for heile planområdet er følgjande verdivurdering:

Verdi aspekt	Verdivurdering
Bruksfrekvens	På land er det avgrensa bruksfrekvens. Del av sjøområdet som inngår i i friluftsområdet Hostelandsosen er registrert med ganske stor bruksfrekvens. Del av sjøarealet som inngår i planområdet er vurdert å ha ein lågare bruksfrekvens. VERDI: Noko-middels verdi
Betydning	Det er få delelement og delområde i planområdet som har lokal betydning for friluftsliv. VERDI: Noko verdi
Kvalitetar	Det er ulik kvalitet og attraktivitet knytt til dei ulike delane av planområdet. Sjøareala er vurdert å ha større kvalitetar enn areala å på land. Samla sett er det vurdert at det er attraktivt for nokon grupper, spesielt knytt til bruk av sjøareala. VERDI: Noko verdi
Kartlagde friluftsområde i naturbase	Sjøområdet som inngår i planområdet er klassifisert som kartlagt friluftsområde med verdisetting - Viktig friluftslivsområde. VERDI: Middels verdi




Figur 16. Samla verdivurdering for planområdet.

## 5.2 Planen sin verknad

Samla for heile planområdet er det vurdert at planframlegget har følgjande påverknad på friluftsliv / by- og bygdsliv:

Planen sin påverknad	
Opplevingskvalitet	Dei fleste tiltaka vil utgjere ingen eller liten forskjell med omsyn til opplevingskvalitet. Tiltak knytt til tursti og småbåthamn er vurdert å gjera området meir attraktivt enn dagens situasjon ved at planen opnar for nye tiltak og utbetring og kopling av turstiar og attraktive rekreasjonsområde.  PÅVERKNAD: Forbetra
Areal / omfang	Planen fremjar ikkje tiltak som vil øydelegge eller forringe registrerte kvalitetar eller kartlagde friluftsområde.  PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring
Tilgjengelegheit /	Dei fleste tiltaka vil utgjere ingen eller liten forskjell med omsyn til tilgjengelegheit eller barriere.


barriere	Tiltak knytt til tursti og småbåthamn er vurdert å gjera området meir attraktivt enn dagens situasjon ved at planen opnar for nye tiltak, utbetring og kopling av turstiar og attraktive rekreasjonsområde.  PÅVERKNAD: Forbetra
Bruk av området/ferdslesamband	Dei fleste tiltaka vil utgjere ingen eller liten forskjell med omsyn til bruk av områda/ferdslesamband. Tiltak knytt til turstiar er vurdert å gjera området meir attraktivt enn dagens situasjon ved at planen opnar for nye tiltak, utbetring og kopling av turstiar og attraktive rekreasjonsområde.  PÅVERKNAD: Forbetra
Lydbilde	Det er ikkje forventa at planframlegget vil endre lydbildet innanfor planområdet då det ikkje er planlagt for støyande verksemder eller større og tyngre utbyggingar som vil endre lydbildet vesentleg.  PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring



Figur 17. Samla vurdering påverknad for planområdet.

### 5.3 Konsekvens

Samla konsekvens for heile planområdet for tema friluftsliv / by- og bygdeliv er vurdert å vere forbetra.



Figur 18. Samla konsekvens for tema friluftsliv / by- og bygdeliv.

## 6 Naturressursar

Naturressursar er ressursar frå skog, jord og andre utmarksareal, fiskebestand i sjø og ferskvatn, vilt, vassførekomstar og georessursar (berggrunn og mineral). Ein har i tillegg valt å inkludere skogbruk i dette kapitelet sett i lys av ressursgrunnlag. Sentralt i vurderinga er nasjonalt mål om vern av god matjord, samt berekraftig utvikling og utnytting av ikkje-fornybare ressursar på ein god måte. Grunnlag er henta frå Norsk institutt for Bioøkonomi sin arealdatabase, kystverket sin kartportal for kystinfo og fiskeridirektoratet sin kartportal. Det er også nytta andre offentlege kjelder og temakart i tillegg til topografiske kart og ortofoto. Synfaring i området er gjennomført i samband med prosjektet og utgreiing av tema i konsekvensutgreiinga.


Naturressursane i området knyt seg primært til skogbruk, vassdrag (Stemmevatnet og bekk frå Stemmevatnet), fiske i sjø, samt mineralressursar.

### Landbruk, skog- og jordbruksressursar

Det er ingen dyrka jordbruksteigar innanfor planområdet. For skogressursar er arealkategoriar registrert på gnr. 14 bnr. 106:

- |                  |             |
|------------------|-------------|
| - Produktiv skog | 21,1 dekar  |
| - Anna markslag  | 117,7 dekar |
| - Vatn/vassdrag  | 0,5 dekar   |
| - Myr            | 6,5 dekar   |

Skog i området er registrert som grunnlendt barskog med bonitet frå uproduktiv skog til skog med høg bonitet. Skogsressursar innanfor planområdet er av avgrensa verdi som trevirke og aller meste er knytt til naturskog av furu og blandingsskog. Berekna volum av skogsressursane er i hovudsak under 100m<sup>3</sup> pr. hektar (kjelde skogoglandskap). Det er ikkje etablert traktorveggar innanfor planområdet.




Figur 19. Markslagskart med skogsressursar og bonitetsverdi. Kjelde: skog og landskap.

### Utmarksressursar

Det er avgrensa med utmarksbeite innanfor planområdet. Det er vurdert at det er potensiale for rydding av utmarksområde og noko potensial for beiting i dagens skogsområde. Deler av planområdet er utmark med potensiale for hausting av ber og anna, fangst og jakt. Alle skogsområde har ein lokal verdi knytt til desse aktivitetane, og må sjåast i samanheng med tilgrensande utmarksområde utanfor planområdet. Vassdraget mellom Stemmevatnet og sjø er for bratt til å vere fiskeførande, men det kan vere ål som vandrar opp langs vassdraget.

### Fiskeressursar

I Hostelandsosen er det registrert gyteområde for torsk. Dette området er gitt status «Aktiv». Andre fiskeriinteresser er låssettingsplass i sjø i Vikane. Bruksfrekvens og fiskeartar er ikkje registrert. Hostelandsosen er registrert som fiskeplass for passiv reiskap. Det er ikkje etablert brygger eller liknande i området som nyttast som utfartspunkt for kystfiske/fritidsfiske.



Figur 20. Fiskeriinteresser; Gyteområde for torsk (brun farge) og låssettingsplass (raud farge). Kjelde: fiskeridirektoratet.



Figur 21. Kartet syner at småbåtanleggene ikke vil være i direkte konflikt med gyteområde for torsk.




### Vassdrag

Det er ikkje registrert drikkevasskjelder eller grunnvassbrønner innanfor planområdet. Vassdraget som går frå Stemmevatnet og mot sjø er tidlegare nytta i samband med kverner og sagbruk. Vassdraget er utlaup for Storstemvatnet og Stemmevatnet som er forbunde med kulvert under Fv570.

### Mineralressursar

Det er ikkje gjennomført geologisk kartlegging med tanke på mineralressursar i planområdet og ein har derfor ikkje detaljert kunnskap om geologien i området. Det er ikkje registrert mineralressursar (industrimineraler, naturstein eller metall) innanfor planområdet. Det er ikkje registrert sand- og grusførekomstar innanfor planområdet. Berggrunnen er i NGU's berggrunnskart registrert som migmatitt og granodiorittisk gneis.




Figur 22. Temakart som syner berggrunn i området. (Kjelde: NGU.)

## 6.1 Vurdering av verdi

Samla for heile planområdet er følgjande verdivurdering:

Verdi aspekt		Verdivurdering
Jordbruk	Jordbruksareal med jordmonnkart	Det er ikkje gjort kartleggingar etter <i>jordmonnkart</i> innanfor planområdet.
	Fulldyrka jord	Det er ikkje registrert fulldyrka jord innanfor planområdet. VERDI: Ubetydelig verdi
	Overflatedyrka jord eller innmarksbeite	Det er ikkje registrert overflatedyrka jord eller innmarksbeite i planområdet. VERDI: Ubetydelig verdi
	Dyrkbar jord	Det er ikkje kartlagt areal innanfor planområdet med potensiale for dyrkbar jord. VERDI: Ubetydelig verdi
Skogbruk	Skogbruksareal	Skog i området er registrert som grunnlendt barskog med bonitet frå uproduktiv skog til skog med høg bonitet. Der tilkomstveg går frå fylkesveg til bustadområdet veks det barskog med middels bonitet. Få stadar vert barskog med låg bonitet påverka. Størsteparten av skogen som vert påverka av planområdet er impediment, altså uproduktiv skog.  Verdi: Ubetydeleg til noko verdi.
Utmark	Utmarksbeite	Det er ikkje registrert innmarksbeite innanfor planområdet. Utmarksbeite er svært

		avgrensa. VERDI: Ubetydeleg verdi
	Jakt og ferskvassfiske	Planområdet omfattar utmark som kan ha lokal verdi som ressurs knytt til jakt og fiske, men som har avgrensa verdi i nærings og økonomisk betyding. Ferskvassfiske i det tilgrensande Stemmevatnet er vurdert å vere svært avgrensa. VERDI: Ubetydelig til noko verdi.
Fiskeri	Marint biologisk mangfald	Det er registrert gyteområde for torsk i Hostelandsosen. Planområdet er ikkje vurdert å kome i konflikt med gyteområdet. VERDI: Noko verdi
	Kystnære fiskeridata	Det er registrert gyteområde for torsk i Hostelandsosen. Det er også registrert låssettingsplass vest for planområdet i Vikane, Bruken av låssettingsplassern er ikkje registrert. Det er i Hostelandsosen registrert fiskeplass med passiv reiskap. VERDI: Noko til Middels verdi
Vatn	Vassforsyning / drikkevatt / grunnvatn	Det er ikkje drikkevassforsyning, grunnvassbrønner eller uttak av grunnvatn i planområdet. Bekk frå Stemmevatnet er tidlegare nytta til kverner og sagbruk. VERDI: Noko verdi
Mineralressurs	Mineralressurs / Pukk og grus	Det er ikkje registrert førekomst av mineralressursar, uttak av sand, pukk eller grus frå området. VERDI: Ubetydelig verdi




Figur 23. Samla verddivurdering for planområdet.

## 6.2 Planen sin verknad

Samla for heile planområdet er det vurdert at planframlegget får følgjande påverknad på naturressursar:

Planen sin påverknad	
Jordbruk	Det er ikkje jordbruksareal innanfor planområdet.  PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring.
Skogbruk	Mesteparten av skogsareala som vert påverka av planen er uproduktiv skog. Tilkomstveg går gjennom område med barskog med middels bonitet. Det er ikkje knytt særskilte skogbruksressursar til området.  PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring.
Utmark	Det er vurdert at det er potensial for rydding til beiting i dagens skogsområde. Deler av planområdet er utmark med potensiale for høsting av ber og anna, fangst og jakt.  PÅVERKNAD: Noko forringa.
Fiskeri	Det registrerte gyteområdet for torsk og låssettingsplassane i nærleiken av planområdet vert ikkje direkte råka av planforslaget (ingen arealkonflikt). Det kan vera at tiltak i samband med småbåtanlegga kan ha indirekte verknad ved sedimentering, men at denne verknaden er avgrensa til anleggsperioden. Det skal ikkje sprengast eller fyllast ut massar i samband med etablering av småbåtanlegga.  PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring
Vatn	Det er ikkje drikkevassforsyning, grunnvassbrønner eller uttak av grunnvatn i planområdet som


	kan påverkast negativt av planframlegget. PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring.
Mineralressursar	Planen endringar ikkje potensiale for utnytting eller uttak av kjente mineralressursar innanfor planområdet med utgangspunkt i 0-situasjonen. PÅVERKNAD: Ubetydeleg endring.



Figur 24. Samla vurdering av påverknad på naturressursar i planområdet.

### 6.3 Konsekvens


Samla konsekvens for heile planområdet for tema naturressursar er vurdert å vere ubetydeleg til noko forringa.



Figur 25. Samla konsekvens for tema naturressursar.

## 7 Samla overordna vurdering

Fagtema	Verdi	Påverknad	Samla konsekvens
Landskapsbilde	Noko verdi	Noko forringa	0/-
Friluftsliv / by- og bygdeliv	Middels til noko	Forbetra	+
Naturressursar	Noko verdi	Ubetydeleg forringa	0



Samanstillinga i tabellen viser at planframlegget har ingen til noko miljøskaade for tema landskapsbilde, miljøgevinst for fagtema friluftsliv/ by- og bygdeliv og ubetydeleg miljøskaade for tema naturressursar.